

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I VESTRE SLIDRE KOMMUNE

Vedteke i kommunestyret 30.11.23, gjeldande frå barnehageåret 2024/2025.

Frå 01.12.23 følgjer opptak til barnehagane i Vestre Slidre kommune rutine som beskrivast i desse vedtektene.

Endringer som gjeld Slidre kulturbarnehage bygg B er godkjent av kommunalsjef for helse og oppvekst 13.08.2024

Endringar om opptak under ferieavvikling er, tufta på praksis. Formelt godkjent av kommunalsjef for helse og oppvekst 09.09.2025.

LES VEDTEKTENE FØR DU TAR IMOT TILBODET OM BARNEHAGEPLASS

Når du takkar ja til tilbodet om barnehageplass, bekreftar du samtidig at du har lest og forstått vedtektene. Ta kontakt med barnehagen viss du har spørsmål om vedtektene.

1 EIGARFORHOLD – STYRING

Vestre Slidre kommune eig Røn naturbarnehage og Slidre kulturbarnehage bygg A og B.

Barnehagane vert drivne i samsvar med "Lov om barnehagar" (barnehageloven), gjeldande forskrifter og retningslinjer, samt kommunale vedtak og plan for barnehagane.

Jf. barnehagelovas § 4 skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).

Foreldrerådet er samansett av alle føresette i barnehagen.

I Vestre Slidre kommune består SU av

- 1 el. 2 representantar frå foreldrerådet
- 1 el. 2 representantar frå dei tilsette
- 1 el. 2 representantar frå eigar/kommunen

Representantar for foreldra og dei tilsette vert valde for to år. Styrrar er sekretær for SU.

Eigars representantar blir valde for fire år (ein kommunestyreperiode).

Val skal gjennomførast innan 15.9 i barnehageåret.

2 FORMÅL OG VIRKEOMRÅDE

2.1 FORMÅL

Barnehagane i Vestre Slidre kommunes drivast i samsvar med § 1 Formål i Barnehagelova. Barnehagane skal drivast i samsvar med barnehagelovas føresegn, rammeplan, samt andre forskrifter og retningslinjer gitt av departementet og kommunale vedtak og planar.

Jf. [Barnehaelova § 1](#) om barnehagens formål, skal barnehagen i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

2.2 VIRKEOMRÅDE

Jf. [Barnehaelova § 8](#) om barnehagens vedtekter, har vedtektene som formål å gi informasjon og opplysningar som særleg har betydning for foreldras forhold til barnehagen.

Vestre Slidre kommunes vedtekter for barnehagar inneheld generelle føresegn om drifta av barnehagen, og om opptaksmyndigheit. Kommunestyret i Vestre Slidre - eller dei som er delegert myndigheten - kan endre vedtektene.

3 OPPTAK

3.1 SØKNAD

Det årlege hovudopptaket av nye barn blir kunngjort i lokalpressa og på kommunens heimeside. Søknad skjer digitalt på Vestre Slidre kommune si heimeside <https://www.vestre-slidre.kommune.no> med søknadsfrist 1. februar. Plasstildelingar/endringar kan skje etter denne dato. Inntak skjer frå nytt barnehageår og fram til 1. juni, dersom det blir ledige plassar. Inntaket er gjeldande fram til barnet startar på skulen.

3.2 OPPTAKSKRINS

Opptakskrinsen for barnehagane er Vestre Slidre kommune.

Unntaksvis kan barn busett i andre kommunar få plass. Dette må skje i samarbeid og etter avtale med barnehagemyndigheit i bustadskommunen. I slike tilfelle vil inntaket gjelde for 1 år.

Slik tildeling må ikke gå på bekostning av prioriterte grupper i egen kommune.

3.3 OVERFLYTTINGSOPPTAK

Dette opptaket gjelder barn som allereie har barnehageplass.

Opptaket foregår i forkant av hovudopptak og ved ledig kapasitet elles i året. Det gjerast etter denne prioriteringa:

1. Auke av plass, for dei som fekk mindre plass enn det dei søkte om ved siste hovudopptaket.

2. Overføring mellom barnehagane, for dei som fekk plass i ein annan barnehage enn fyrstevalet.
3. Auke av plass til dei som ynskjer endring av plass

3.4 HOVUDOPPTAK

Gjeld barn med rett til barnehageplass etter [§ 16 i barnehagelova](#) som ikkje har barnehageplass.

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det søkast om barnehageplass, har rett til barnehageplass frå august. Barn som fyller eitt år i september, oktober og november det året det søkast barnehageplass, har rett til plass i barnehage frå den månaden barnet fyller eitt år.

3.5 SUPPLERINGSOPPTAK

Foregår gjennom heile året når det er ledige plassar. Suppleringsopptak gjeld barn utan barnehageplass.

3.6 OPPTAKSKRITERIER

Jf. [Barnehagelova § 18](#) har barn med nedsett funksjonsevne og barn det er fatta vedtak om etter [barnevernlova §§ 4-2 og 4-4](#) annet og fjerde ledd, rett til prioritet ved opptak i barnehage.

Foreldra sine ynskjer skal leggjast vekt på i opptaket.

Følgande opptakskriterier gjelder hovudopptak og suppleringsopptak.

1. Barn med nedsett funksjonsevne.
2. Barn det er fatta vedtak om etter [barnevernlova §4-2](#) og [barnevernlova §4-4](#) annet og fjerde ledd.
3. Barn av tilsette i barnehagen
4. Barn av føresette som deltek i introduksjonsprogram for flyktningar ved barnet sin oppstartsdato
5. Barn frå familiar som har store belastningar p.g.a. sjukdom, funksjonshemming eller liknande ([Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga](#) (sosialtjenesteloven)).
6. Barn av einslege forsørgjarar i utdanning eller arbeid.
7. Barn med sysken.
8. Barn frå framandspråklege familiar.
9. Alder

Søkjaren må sjølv oppgje om det krevjast prioritering ut frå pkt. 1 - 9 ved inntak. Krav som kjem innunder PP-teneste, barnevernsteneste, helseteneste, flyktningetenesta eller NAV, må dokumenterast.

4 BARNEHAGEÅRET

Barnehageåret reknast som 12 månader frå skuleårets oppstart midt i august. Barnehagane er opne alle vanlege kvardagar med unntak av kvardagane mellom jul og nyttår, påskeveka, og veke 29 og 30.

Barnehagane er stengt 5 planleggingsdagar pr. år. Desse er lagt til grunnskulens planleggings/fridagar.

4.1 FERIE

Alle barn skal ha 4 veker ferie pr. år. Det vil seia 3 veker utanom jul/påske. Desse vekene må takast ut i perioden 1. juni – 15. august. Sumarferien må meldast i Visma innan 1. mai. Juli månad er betalingsfri.

5 OPPHALDSTID

Barnehagane har opningstid 9,5 t. pr. dag: kl. 07.15 til kl. 16.45.

Barnehagane gjev fyljande plasstilbod:

- 5 dagar pr. veke
- 4 dagar pr. veke
- 3 dagar pr. veke

Føresette med barn i barnehage har moglegheit til å kjøpe enkeltdagar dersom dei av spesielle årsaker har behov for det. Kjøp av enkeltdagar/timar må skje i avgrensa omfang. Ved stort behov må det søkjast om utviding av plassen.

6 FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset kor mykje ein plass i barnehagen kostar pr. år og vedtek eige betalingsregulativ som tek automatisk inn føresegn som t.d. syskenmoderasjon, samt gebyr ved for sein henting.

Jf. [§ 1 i Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar](#) skal foreldrebetaling ikkje vere høgare enn maksimalgrensa som blir fastsett i Stortingets årlege budsjettvedtak. Betaling for kost kan koma i tillegg. Kommunen skal og tilby reduksjon i foreldrebetaling [jf. § 3 i Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar](#).

I Vestre Slidre kommune skjer betalinga forskottsvis kvar månad og blir fordelt på 11 månader. Måltid betalast av føresette, og kjem i tillegg til betalinga for barnehageplassen. Retningslinjer for søknad om redusert betaling, samt gratis kjernetid ligg på kommunens heimesider. Søknaden er digital. Kommunen innvilgar automatisk syskenmoderasjon for sysken på same folkeregistrerte adresse.

Syskenmoderasjon gjeld på tvers av barnehage og SFO. [Jf. merknad § 3 i Forskrift om foreldrebetaling i barnehagane](#) vert gjeve 30% reduksjon for det andre barnet og det tredje og fleire barn er gratis. Størst syskenmoderasjon til det yngste barnet. Sysken med gratis opphald i heile eller deler av opphaldstida får ikkje og utløyser ikkje syskenmoderasjon.

Ved opptak av nye barn i barnehageåret, reknar ein foreldrebetalinga frå oppstartsdato. Det same gjeld ved endring av plass. Det vert gjeve frådrag i foreldrebetalinga for legitimert sjukefråvær i 14 samanhengande dagar eller meir. Søknad om betalingsfri sendast til den barnehagen det gjeld. Det må leggjast ved ei stadfesting frå lege, sjukehus eller liknande. Det vert ikkje gjeve betalingsfritak for

upårekna stenging over kortare tid (til dømes streik, streng kulde, vassmangel, pandemi eller liknande).

7 ENDRING ELLER OPPSEIING AV PLASS

Barnehageplass kan seiast opp av føresette når som helst i året fram til 01.05.

Endring eller oppseiing av plass må skje i Visma. Endrings-/oppseiingsfristen er ein måned rekna frå den 1. i påfølgande måned. Oppseiing som gjeld mellom 01.06. og nytt barnehageår må registrerast i Visma seinast 01.05., på grunn av sumarplanlegging.

Ved manglande betaling eller anna misleghald kan barnet miste plassen sin. Kommunedirektøren har oppseiingsmynde. I slike saker skal føresette varslast i så god tid at dei har moglegheit til å rette opp i forholda som kommunen ikkje kan godta.

8 GODKJENNING – AREALNORM – ANTAL PLASSAR

Jf. Barnehagelova § 10 er kommunen lokal barnehagemyndigheit og skal vegleie og sjå til at barnehagane driftast i samsvar med lov og forskrifter. Kommunens driftsformer skal tilpassast lokale forhold og behov. Vegledande norm for barns leikeareal inne er:

4,00 m² pr. plass over 3 år

5,33 m² pr. plass under 3 år

Kommunedirektøren er godkjenningsmyndigheit for barnehagane, og fastset netto leike- og opphaldsareal for den enkelte barnehage. Arealutnyttinga vert fastsett av eigaren.

Vestre Slidre kommune sin arealnorm er 4,5m² pr. plass; gjennomsnittet av plass over og under 3 år.

Arealutnytting av barnehagane er:

Slidre kulturbarnehage bygg A - 262,2 m² – 54 plassar

Slidre kulturbarnehage bygg B - 196 m² – 36 plassar

Røn naturbarnehage - 289,8 m² – 60 plassar

9 NORM FOR BEMANNING

Jf. barnehagelovas § 26 skal bemanninga i barnehagen vere tilstrekkeleg slik at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Kva som er "tilstrekkeleg" må vurderast både ut frå kor mange barn det er totalt, alderen på borna, opphaldstid, kor mange barn som har behov for spesialhjelp og støtte, den fysiske utforminga av barnehagen og andre lokale tilhøve.

Kvar barnehage skal ha ein styrar som har den daglege leiinga av verksemda. Barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn når barna er under tre år og éin tilsett per seks barn når barna er over tre år. Jf. merknader til føresegn i Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar. Det skal vere minst ein pedagogisk leiar/barnehagelærer per 14 barn når borna er over tre år, og minst ein pedagogisk leiar/barnehagelærer per 7 born når borna er under tre år. Pedagogiske leiarar skal ha utdanning som barnehagelærer eller likeverdig utdanning. Dei andre tilsette i barnehagen skal fortrinnsvis ha utdanning som barnehagelærarar eller fagarbeidarar innan barne – og ungdomsarbeidarfaget, tilsvarande praksis eller utdanning.

10 KLAGER – KLAGEINSTANS

Alle enkeltvedtak, som til dømes avslag på søknad om plass, kan innklagast til kommunen.

11 INTERNKONTROLL

Barnehageeigar skal ha internkontroll for å sikre at krava i barnehageloven med forskrifter og internkontrollforskrifta følgast. Internkontrollen skal være systematisk og tilpassast barnehagens størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Internkontrollen utførast i systema Compilo og Moava internkontroll, samt i samarbeid med Øystre Slidre- og Vang kommune.

Barnehageeigar følger [barnehagelova § 9 for internkontroll](#).

12 TEIEPLIKT OG OPPLYSNINGSPLIKT

Jf. [Barnehagelovas § 44 om teieplikt](#), og [Barnehagelovas § 45](#) og [Barnehagelovas § 46](#) om opplysningsplikt til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta, samt barnevernet.

13 SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR

Jf. [Nasjonal veileder “Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier”](#) skal barnehagane i kommunen samarbeide med andre tenester både på [systemnivå](#) og [individnivå](#). Kommunale instansar som helsesjukepleiar, PPT og barneverntenesta skal difor vere jamleg ute i barnehagane. Dei hjelper dei tilsette med rettleiing på case- og systemnivå.

Dersom dei tilsette skal drøfte problemstillingar på individnivå med desse eller andre faginstansar, skal dei innhente samtykke frå foreldre/føresette. På individnivå kan fleire instansar enn dei som jamleg er inne vere aktuelle å samarbeide med, dømme spesialisthelseteneste, foreldrevegleiar, psykisk helse, fysioterapeut og ergoterapeut.

14 POLITIATTEST

Den som skal tilsettast fast eller midlertidig i barnehage skal legge frem politiattest som nemnt i [Barnehagelova § 30](#). Barnehageeigar og kommunen som barnehagemyndigheit kan krevje politiattest for andre personar som regelmessig oppheld seg i barnehagen.

15 FORSIKRING

Vestre Slidre kommune har teikna ansvars- og ulykkesforsikring som gjeld den tida barna er i barnehagen.

16 PERMISJON

Det kan søkast permisjon og tilsvarende fakturering frå tildelt plass ved alvorleg sjukdom hos barn, ved å levere legeerklæring